



RV 0057 Hp 01 ESPELAND – HERLAND REGULERINGSFØRESEGNER

Pkt.1 GENERELT

- 1.1 Desse reguleringsføresegnene gjeld for det området som på plankartet er markert med plangrense (sjå teikning C01- C04 i målestokk 1:1000, datert 27.juli 2003)
- 1.2 I samsvar med §25 i Plan- og bygningslova er areala regulert til følgjande formål:

Byggeområde (Pbl. §25, 1. ledd nr.1)

- bustadhus

Landbruksområde (Pbl. §25, 1. ledd nr.2)

- Jord- og skogbruk
- Landbruksvegar

Offentleg trafikkområde (Pbl. §25, 1. ledd nr.3)

- Offentlege køyrevegar/busshaldeplassar/parkeringsplassar
- Gang og sykkelvegar
- Anna veggrunn

Fareområde (Pbl. §25, 1. ledd nr.5)

- Høgspentanlegg

Spesialområde (Pbl. §25, 1. ledd nr.6)

- Frisiksone
- Private vegar
- Anlegg i vassdrag
- VA-anlegg
- Bevaring av kulturminne

Fellesområde (Pbl. §25, 1. ledd nr.7)

- Felles vegar

Kombinerte område (Pbl. §25, 1. ledd)

- Offentleg køyreveg/bolig
- Offentleg køyreveg/ jord/skogbruk
- Anna veggrunn/riggområde
- Landbruksområde/masseplassering

Pkt.2 FELLESFØRESEGNER

- 2.1 Desse føresegnene gjeld innafor ramma av Plan og Bygningslova.



- 2.2 Kommunen kan, når særlege grunnar talar for det, tillate mindre vesentlege endringar i reguleringsplanen og/eller desse føreseggnene.
- 2.3 Etter at reguleringsplanen med tilhøyrande reguleringsføresegner er godkjendt, er det ikkje hove til å inngå privatrettslege avtalar som er i strid med reguleringsplanen og reguleringsføreseggnene.
- 2.4 Omsynet til landskapet skal sikrast gjennom utarbeiding av byggeplanar og gjennom gjennomføring av anlegget. Ulike prinsipp for utforming av sideareal, revegetering og utforming av tekniske anlegg, skal framgå av planane.
Alle inngrep som vert gjort i samband med anlegget skal utformast mest mogeleg forsiktig og med omtanke for terren og utsjånad. Noverande vegetasjon skal i størst mogeleg grad takast vare på. Terrenghandsaming skal gjerast ferdig samtidig med resten av anlegget.
- 2.5 Riggområdet for veganlegget kan opparbeidast i anleggstida innafor regulert areal. Etter bruk skal området som vert nytta til riggområde opparbeidast og settast i stand i samsvar med føreseggnene i reguleringsplanen.
- 2.6 Miljøverndepartementet sine retningslinjer om vegtrafikkstøy ved planlegging etter Plan og Bygningslova, jf. Rundskriv T-8/79 og T- 1/86, skal leggast til grunn for gjennomføring av reguleringsplanen. Dette inneber at planleggingsmålet (ambisjonsnivået) for utandørs støytilhøve for opphaldsområde ved bustader er 55 – 60dBA og innandørs støy 30 – 35 dBA. Planleggingsmåla er gitt som ekvivalent nivå i gjennomsnitt for døgnet.

Støyskjermar og støyvoller som skal byggast går fram av reguleringsplan og planskildring.

For eigedomar som etter dei fastlagde tiltaka likevel får utandørs støynivå over 55 – 60 dBA, skal lokal skjerm og/eller fasadetiltak vurderast i samband med reguleringsplanen. Kva eigedomar dette gjeld går fram av planskildringa. Det endelige omfang av lokal skjerming og/eller fasadetiltak vert fastlagd av utbyggjaren, i samsvar med dei nemde retningslinene.

Pkt.3 BYGGEOMRÅDE (Pbl. §25,1.ledd nr. 1)

-Området kan nyttast til bustad med tilhøyrand bygningar.

Pkt.4 LANDBRUKSOMRÅDE (Pbl §25, 1.ledd nr.1)

- jord og skogbruksareal
- landbruksvegar og areal langs desse.



- 4.1 L1 og L2 Ved etablering av landbruksvegane vil ein i anleggsfasen berøre areala langs vegen. Desse får ikkje endra føremål etter at planen er gjennomført.
- 4.2 Bruksrett til landbruksvegar:
Med referanse i profilnummer på den planlagte riksvegen skal det på følgjande landbruksvegar vera bruksrett for følgjande eideomrar (gardsnr/bruksnr):
Profil 130 – 350, høgre side : 186/1, 163/1, 163/3, 163/4 .
Ved Profil 350, høgre side : 163/1.
Profil 350 – 490, høgre side : 163/1, 163/4, 163/7.
Alle eideommane som er nemnt ovanfor har rett til å nytta avkjørsla frå gang- og sykkelvegen og undergangen ved profil 350.
Ved Profil 200, venstre side : 163/3, 163/4.
Ved Profil 670, venstre side : 163/2, 163/4, 163/1 og 163/3.
Ved Profil 750, høgre side, avkjørsle frå lokalveg : 163/2
Ved Profil 1730, høgre side, avkjørsle frå lokalveg : 162/1, 162/2
Ved Profil 2340, venstre side, avkjørsle frå fylkesveg mot Seim: 170/5.
Profil 2220 – 2360, høgre side, avkjørsle frå lokalveg Botn: 170/1.

Pkt.5 OFFENTLEG TRAFIKKAREAL (Pbl. §25, 1. ledd nr. 3)

- 3.1 Trafikkområdet kan nyttast til:
- Offentleg køyreveg
 - Gang og sykkelveg
 - Anna veggrunn
- 3.2 Kryss og avkjøyringar frå riksvegen er fastlagde i planen og skal ha frisiktsoner i samsvar med vegnormalane. Frisiktsoner er regulert til spesialområde (sjå pkt.5)
- 3.2 Delar av gang og sykkelvegen skal nyttast til adkomst til einskilde landbrukseigedomar. Nærare vilkår for dette er omtala i pkt. 6.

Pkt.6 FAREOMRÅDE

- 4.1 I fareområdet ligg det høgspentline, og det kan plasserast transformator.

Pkt.7 SPESIALOMRÅDE

- 7.1 Spesialområde kan nyttast til følgjande:
- Frisiktsone
 - Private vegar
 - VA-anlegg
 - Anlegg i vassdrag
 - Bevaring av kulturminne



- 7.2 I frisiktsona skal det vere fri sikt over ei høgd på 0.5 meter over møtande vegar sitt planum.
- 7.3 VA-anlegg. Kommunal hovudleidning for vassforsyning til Knarvik - Alversundområdet er vist i planen. Tiltak for sikring og omlegging av denne leidningen og andre VA-anlegg skal takast med i byggjeplan for veganleggjett og godkjennast av kommunen.
- 7.3 Området i Fiskeseteelva er regulert for å kunne gjere naudsynte inngrep for å sikre elveløpet.
- 7.4 Kulturminne. Lokaliteten som er vist i planen er verna med heimel i kulturminnelova. Her er det ikkje tillate med oppføring av bygning eller anlegg, graving eller planering utan at kulturminnestyresmakta har gjeve løyve.
Dersom det under anleggsarbeidet kjem fram tidlegare ukjende automatisk freda kulturminne, må arbeidet stansast og melding sendast til kulturminnestyresmakta.

Pkt. 8 FELLESOMRÅDE

- 8.1 Felles vegar skal opparbeidast som synt på plankartet..
- 8.2 F1 – Innafor regulert område kan ein i anleggsfasen gjere naudsynte inngrep for å opparbeide vegen.

Pkt.9 KOMBINERTE FORMÅL

- 7.1 Området kan nyttast til bustadformål, men med restriksjonar på arbeid som inneber arbeid i grunnen.
- 7.2 Området nyttes til jord og skogbruk, men med restriksjonar på arbeid som inneber arbeid i grunnen.
- 7.3 Mellombels riggområde. Etter at anlegget er ferdig skal areala som ikkje naturleg høyrer til veganleggjett, nyttast til jord- og skogbruk.
- 7.4 Områda kan nyttast til å plassere overskotsmasse, og vert opparbeida til å kunne nyttast som jordbruksland